


Rusletur på Skjolden

Rute:

Wittgensteinturen Del II

- 5 Odden
- 6 Bryggjehuset
- 7 Nyekaien
- 8 Eidsvatnet
- 9 Ishustomten
- 10 Gamle BP-stasjonen
- 1 Fjordstova



Måleri frå 1917. Den kvite bygningen til venstre er Skjolden Hotel.
Den brune bygningen bak Storehuset er saftfabrikken (Safthuset).

ISPRODUKSJON I SKJOLDEN

I 1894 starta Sogns Iskompagni opp med produksjon av isblokker frå Eidsvatnet i Skjolden.

Etter kvart vart det bygd ut eit imponerende transportanlegg for å frakta isen frå vatnet til kaien i Odden. Midt imellom låg det enorme lagerbygget (Isbuset) Huset var 100 meter langt og 30 meter breitt, og bortimot 20 meter høgt. Truleg er dette det største trehuset som nokon gong har vore reist i Sogn og Fjordane. Ein dampmaskin dreiv transportbanda som frakta isblokkene til og frå huset. Heile anlegget var bygd etter amerikansk mønster, og stod ferdig i 1898.

Isblokkene blei selt til inn- og utland, mest til England.

Is-eventyret vart kortvarig, og alt i 1915 gjekk selskapet konkurs. Huset vart truleg rive i 1919.

Likevel vart det teke is på Eidsvatnet i mindre målestokk heilt fram til på 1950-talet.

Indre Luster Bygdeutvikling
Tekst-bilde-utforming: Vatne Vision
vatne@post.com

Odden (framhald): Frå Odden har vi også godt utsyn mot Lusterfjorden. Dette er innte delen av Sognefjorden, den lengste fjorden i verda. Heilt fram til 1950-åra var fjorden den viktigaste transportvegen for både gods og personar. På turane sine til og frå Skjolden nytta Wittgenstein rutebåten til og frå Bergen, eller leigd motorbåt i kombinasjon med hesteskyss og tog.

Bryggjehuset vart flytta hit ikring 1880 frå Telthusmyra ved Dalsøyra i Luster. Der hadde huset vore nytta av Lyster kompani i samband med Ekservollen. Bryggjehuset vart nytta til dampskipsekspedisjon og landhandel. Landhandelen var i drift frå 1887 til 1924. Her var stor aktivitet, og gjerne mange folk samla når rutebåten frå Bergen la til. I sommarmånadene var det stor trafikk av menneske og bufe over Sognefjellet, og dei fleste reiste vidare med dampbåten frå Skjolden. Dette galdt også lenge etter at vegen langs fjorden var opna i 1925. Dampskipsekspedisjonen vart lagd ned i 1962.

Nykaien vart bygd i samband med kraftutbygginga i Fortunsvassdraget på 1950-talet. Kranen her kan lyfta 60 tonn. (Kraftstasjonen ligg i Fortun)

Eidsvatnet Ved Nymoen Leirplass har vi utsyn over Eidsvatnet. I øvre enden av vatnet ser vi grunnmuren etter hytta til Wittgenstein oppe i fjellsida. Ei flaggstong markerer staden. Hytta vart bygd i 1914 og vart riven og flytta til ny tomt i Skjolden i 1957. (Hytta står framleis der.)

Garden oppe til høgre under fjellet er Eide der Wittgenstein ofte var på besøk hos gardeigaren Anna Rebni.

Ishustomten I 1913 låg det eit stort lagerbygg for isblokker på tomta aust for BP-stasjonen. Her vart isen lagra i sagmugg til utskiping på vårparten.

BP-stasjonen med verkstadhallen er eit anlegg frå 50-talet, og ein av dei få bensinstasjonane i Norge som er frede.

